



Oppslutnaden om barnetrimmen (3-6 år) var imponerende måndag kveld. Hilde Bringedal er leiar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det tar alltid litt tid å komma skikkeleg i gang att etter ei hektisk jule- og nyttårsfeiring, men denne veka har i hvert fall 83 unge og eldre uskedelingar trimma seg inn i 2007 i turngruppa si regi i Aktivitetshuset. Og det er ingen dårleg start på det nye året! Viss ein så reknar inn familietrimmen til ski- og friidrettsgruppa, der 30 plar møta fram om måndagene, må konklusjonen bli: Uskedelingane er flinke til å trimma og halda seg i form.



Det møtte fram sju til idrettsskolen, som spenn frå første til fjerde klasse og blir leia av Merete Haugland Røstbø. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det starta måndagskvelden då Astrid Haugland (vikar for Anette Sundt) leia 15 step-damer.

Til seniortrimmen leia av Gunvor Myklebust onsdag ettermiddag møtte det 11. Deretter var det eit myldrande liv under barnetrimmen (3-6 år), der det var 22 deltakarar! Hilde Bringedal med gode hjelparar hadde ei travel økt. Det neste på programmet var idrettsskule for dei frå fyrste til fjerde klasse og der møtte det sju. Merete Haugland Røstbø leiar dei.



Seks frå den yngste aerobic-gruppa
klåre for step, leia av Åse Rebaudo.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Aerobic-gjengen, som har alders-spennvidde frå tredje til sjuande klasse og blir leia av Åse Rebaudo, samla seks. Også dei hadde step på programmet denne gongen. Endeleg sette dei eldre aerobic-jentene punktum. Dei blir som i alle år før leia av Astrid Haugland og 22 møtte fram denne kvelden.

Turngruppeleiar Hege Lekva gjentek elles gjennom uskedalen.no oppmodinga til dei som måtte vera interessert i at det blir starta ei eiga trimgruppe for dei aller minste ungane (0-3 år). De som finn at dette er ein god ide, må melda frå til henne eller ein annan i styret.

Det må også den som har lyst til å bli aerobic-trenar, for det er ynskjeleg at fleire delar på denne jobben,

Av Ola Matti Mathisen



Aerobic-jentene klåre for ny trim i eit nytt år, leia av Astrid Haugland. 22 møtte fram første treningskvelden etter nyttår. Det var også imponerende. (Foto: Ola Matti Mathisen)